

---

**Fra:** Tonje Nepstad Epland  
**Sendt:** torsdag 28. juni 2018 13.11  
**Til:** '1965andreas@gmail.com'  
**Kopi:** RA-Byggesak  
**Emne:** SV: Byggesak Gbnr 65/12,22 Frotaule - garasje, bod, carport - ferdigattest

Hei

Eigedommen gbnr 65/12,22 ligg i område som har arealføremål landbruk, natur og friluftsliv spreidd bustad tillede (LNF-SB) etter Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23. Det betyr at det er lov å bygge på eigedomen. (Hadde eigedomen lagt i reitt LNF-område ville eit kvart byggverk kravd dispensasjon).

Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23 pkt.3.1.4 styrar kva du kan bygge på eigedomen din i LNF-SB område:

*På eigedom som allereie er bygd med bustadhus kan det i desse områda, med heimel i plan- og bygningslova § 11-11 nr 2, etter einskild søknad gjevast løyve til mindre tiltak i tunet. Mindre tiltak er tilbygg, påbygg, frittståande uthus/garasje og mindre anlegg som høyrer til bustaden/tunet. Område lenger vekk enn 25 meter får bustadhuset er ikkje å rekne som del av tunet. Terrasse, balkong, veranda eller altan kan samla ikkje ha større areal enn 45 kvm. Føresegna gjeld ikkje i 100-metersbeltet lang sjøen.*

Merk at det er byggegrense mot sjø på eigedomen (grå stipla line i kartet). Det kan ikkje byggjast utanfor denne lina:



Etter dei siste endringane i plan- og bygningslova er det no nokre mindre tiltak som er unntatt søknadsplikt, mellom anna mindre frittliggende bygg som ikkje skal nyttast til bebuelse/overnatting, jf. bygesaksforskrifta § 4-1a:

*Frittliggende bygning på bebygd eiendom som ikke skal brukes til beboelse, og som verken har et samlet bruksareal (BRA) eller bebygd areal (BYA) på over 50 m<sup>2</sup>. Mønehøyden skal ikke være over 4,0 m og gesimshøyde ikke over 3,0 m. Høyde måles i forhold til ferdig planert terreng gjennomsnittsnivå rundt bygningen. Bygningen kan oppføres i én etasje og kan ikke underbygges med kjeller. Tiltaket kan plasseres inntil 1,0 m fra nabogrense og annen bygning på eiendommen. Bygningen må ikke plasseres over ledninger i grunnen.*

Du opplyser ikkje i e-posten din kva trehytta skal nyttast til.

For meir informasjon om tiltak unntatt søknadsplikt sjå [www.dibk.no](http://www.dibk.no).

Merk at sjølv om tiltaket ikkje krev søknad vil du vere ansvarleg for at andre føresegner i lov, forskrift og plan vere oppfylt.

Om du har bygd eit bygg som ikkje er søknadspliktig på eigedomen din skal du melde i frå til kommunen når bygget er ferdig. Sjå meir informasjon på kommunen si heimeside [www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no).

Helsing  
Tonje Nepstad Epland  
Leiar teknisk forvaltning

**Radoy kommune**  
Radoyvegen 1690, 5936 Manger  
Tlf.dir: 56 34 90 50  
E-post: [tonje.epland@radoy.kommune.no](mailto:tonje.epland@radoy.kommune.no)



---

**Fra:** Hogne Askeland  
**Sendt:** torsdag 28. juni 2018 10.06  
**Til:** RA-Byggesak  
**Emne:** VS: Bygggesak Gbnr 65/12,22 Frotuale - garasje, bod, carport - ferdigattest

**Fra:** Andreas A. Sollie [<mailto:1965andreas@gmail.com>]  
**Sendt:** 28. juni 2018 10:03  
**Til:** Hogne Askeland  
**Emne:** Re: Bygggesak Gbnr 65/12,22 Frotuale - garasje, bod, carport - ferdigattest

Hei igjen Hogne!

Vi lurer på hvilke retningslinjer og krav det er for å bygge en liten trehytte på tomten vår. Har du litt info rundt dette?

Vh

Andreas A Sollie

Den onsdag 19. august 2015 skrev Andreas A. Sollie <[1965andreas@gmail.com](mailto:1965andreas@gmail.com)> følgende:  
Hei.

Tusen takk for hjelpen, og så må du ha en kjempefin solfylt sensommeren ☺

Mvh

Andreas A Sollie

Den onsdag 19. august 2015 skrev Hogne Askeland <[Hogne.Askeland@radøy.kommune.no](mailto:Hogne.Askeland@radøy.kommune.no)> følgende:

Se vedlagte saksdokumenter.